



Statens vegvesen

Lindås kommune
Arealplan
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
17. 06. 2015	
Ark. saksnr 14/2035	Løpenr.
Sakst.	Tilgangskode

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:
2011/018708-004

Dykkar referanse:
14/2035

Vår dato:
04.06.2015

Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden i Lindås kommune - 2. gongs avgrensa offentleg ettersyn (2011 - 2023)

Vi viser til Dykkar brev av 21.05.15 med framlegg til kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (2011-2023) i Lindås kommune. Planframlegget er sendt på avgrensa offentleg høyring med nokre mindre endringar sidan sist det var på høyring.

Statens vegvesen gav uttale til planframlegget i vårt brev av 07.02.11 der vi m.a. fokuserte på pkt. 3.4 i framlegget som omhandla byggegrense mot fylkesveg 57 og dei andre fylkesvegane i planområdet, samt tilhøve til sikring av mjuke trafikantar i samband med utbygging i LNF-områder innanfor planområdet.

Lindås kommune har teke inn i kommuneplanen for Lindås at byggegrensa langs fylkesveg 57 skal vere 50 meter og langs dei andre fylkesvegane 15 meter. Dette vil verte gjeldande så lenge eksisterande kommuneplan gjeld. for Statens vegvesen har utarbeidd ein Rammeplan for handsaming av søknader om dispensasjon frå byggegrenser langs fylkesvegane i Hordaland fylke. Denne rammeplanen gjev føringar om kva byggegrense som skal leggest til grunn ved handsaming av slike søknader. Vi føreset at Rammeplanen vert innarbeidd i neste revisjon av kommuneplanen for Lindås kommune.

Vi kan ikkje sjå at vår merknad om innarbeiding av tiltak for trafikksikring av eksisterande vegar og med tiltak for mjuke trafikantar er vidareført i framlegget som no er sendt på høyring. Vi meiner framleis at det er aktuelt med eit krav om trafikksikring av eksisterande vegar der det er lagt opp til spreidd utbygging.

Ut over dette har vi ikkje vesentlege merknader til planframlegget.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik
Odd Høydalsvik

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen